

# MOL202 - emnerapport 2012 vår

## Faglærers vurdering av gjennomføring

### Praktisk gjennomføring

Det vart gjennomført sju laboratorieøvingar og tilhøyrande førelesingar på fredagar. Studentane vart delt i to laboratoriegrupper.

### Strykprosent og frafall

Kandidater	Totalt	K/M
Meldt:	36	32/4
Møtt:	36	32/4
Stryk%:	0	

Studiepoengproduksjon: 360

### Karakterfordeling

A: 14 % B: 19 % C: 28 % D: 25 % E: 14 %

Snitt: C

### Studieinformasjon og dokumentasjon

Studieinformasjon vart lagt ut på Mi Side.

### Tilgang til relevant litteratur

Læreboka var tilgjengeleg på Studia. Anna relevant litteratur vart lagt ut på Mi Side.

## Faglærers vurdering av rammevilkårene

### Lokaler og undervisningsutstyr

### Andre forhold

## Faglærers kommentar til student-evaluering(e)

### Metode – gjennomføring

Elektronisk spørjeundersøking på Mi Side. Totalt 53 prosent av dei oppmøtte studentane svarte på spørjeundersøkinga. Det vart sendt ut to e-postar om evalueringa.

### Oppsummering av innspill

Majoriteten av studentane som svarte var bachelorstudentar, og dei fleste av desse var i 4. semester våren 2012.

Rundt 75 prosent av studentane meinte at MOL202 Eksperimentell molekylærbiologi kvalifiserer for 10 studiepoeng, medan resten av studentane meinte at emnet kvalifiserer for 15-20 studiepoeng. Over halvparten av studentane meinte at forkunnskapskravet MOL100, MOL200 og eit laboratoriekurs i kjemi var til dels relevant, medan 32 prosent meinte at forkunnskapskravet var svært relevant. Nokon få av studentane meinte at kravet var middels relevant.

Over halvparten av studentane sakna praktisk rettleiing på laben og tilbakemeldingar på rapportane.

Majoriteten av studentane svarte at det var passeleg mengd med obligatoriske aktivitetar i emnet, medan nokon få studentar svarte det var for mykje eller var usikre. Over 80 prosent av studentane meinte at emnet var svært bra, medan resten av studentane meinte at emnet var heilt greitt. Alle studentane svarte at mål og innhald i emnet samsvarte med forventingane dei hadde på førehand.

Majoriteten av studentane fekk bra nok informasjon frå kursheftet. Læreboka vart vurdert som heilt grei av halvparten av studentane, 16 prosent meinte den var bra, medan resten av studentane meinte den var dårleg.

Studentane kommenterte at hovudkjelda til informasjon var kursheftet, medan læreboka vart lite eller aldri brukt. Kursheftet bør bli forbetra, særleg øvinga om nukleinsyrer.

Laboratorieøvingane vart vurdert slik:

- Lab 1, Buffer: vart vurdert som svært relevant av 11 prosent.
- Lab 2, Spektrofotometri: vart vurdert som svært relevant av 68 prosent.
- Lab 3, Nukleinsyrer - del 1: vart vurdert som svært relevant av 90 prosent av studentane.
- Lab 4, Nukleinsyrer - del 2: vart vurdert som svært relevant av 90 prosent av studentane.
- Lab 5, Enzymologi: vart vurdert som svært relevant av 85 prosent av studentane.
- Lab 6, Transfeksjon og immunmerking av celler: vart vurdert som svært relevant av 95 prosent av studentane.
- Lab 7, SDS-PAGE og western blot: vart vurdert som svært relevant av 95 prosent av studentane.

Totalt 52 prosent av studentane meinte at gjennomgangen av øvingane var svært eller til dels relevant, 32 prosent av studentane meinte gjennomgangen var middels relevant og 11 prosent av studentane meinte den var lite relevant

Førelesingane vart vurdert som svært eller til dels relevant av 74 prosent av studentane. Resten av studentane meinte førelesingane var middels relevant eller bortkasta.

Totalt 42 prosent av studentane meinte at MOL202 fungerte svært bra eller bra saman med andre emne, medan 42 prosent av studentane meinte emnet fungerte middels bra. For 16 prosent av studentane fungerte emnet dårleg saman med andre emne.

Studentane kommenterte at emnet var krevjande, men bra. På nokon av rapportane fekk ein gode tilbakemeldingar på kva ein skulle rette, medan andre var svært korte. Studentane ønskja meir utfyllande tilbakemelding på kva som var feil, sidan dei var i ein læringssituasjon. Dei ulike undervisarane bør også vere einige om ei felles oppbygging/mal for rapportane, slik at ein unngår forvirring når ein spør ulike personar. Nokon studentar opplevde at dei fekk motsatt tilbakemelding av labpartneren når dei hadde skrive likt i labrapporten.

Førelesingane var av ulik kvalitet og gav derfor varierende utbytte. Innhaldet i førelesinga om enzymologi var svært basalt og gav ikkje noko fagleg utbytte. Gjennomgangen av datadelen av nukleinsyreøvinga var mindre god.

**Ev. underveistiltak**

**Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak**